

Fra: Anja Nordvik Sætre (Anja.Nordvik.Saetre@hfk.no)
Sendt: 27.06.2014 15:55:39
Til: 'rolf.jenssen@statkraft.com'
Kopi:

Emne: Ang søknad om konsesjon for bygging av Skytjedal pumpe, Simavassdraget, Eidfjord kommune.

Vedlegg: image001.png

Ang søknad om konsesjon for bygging av Skytjedal pumpe, Simavassdraget, Eidfjord kommune – vårt saksnummer: 2014/15993

Vi viser til høyringsbrev frå NVE datert 05.05.2014 knytt til søknad om konsesjon for bygging av Skytjedal pumpe, Simavassdraget, Eidfjord kommune. Vi viser i tillegg til vårt brev datert 16.08.2013 knytt til innspel om kulturminneinteresser etter utført arkeologisk registrering.

NVE har nå sendt søknaden på høring. Det omsøkte tiltaket var i utgangspunktet i konflikt med eit automatisk freda kulturminne, Bispevegen ID 108349. Under våre registreringer ble det ikkje gjort eintydige spor etter ferdselsvegen i området som omfattast av tiltaket. Etter ein kulturminnefaglig vurdering internt og i samrå med Riksantikvaren har vi valt å endre vernestatus i Riksantikvarens database for automatisk freda kulturminne - Askeladden, på det strekket av Bispevegen innafor det i registrerte tiltaksområdet frå *automatisk freda* til *ikkje freda*.

Kulturminnet står fortsatt oppført i Askeladden som automatisk freda, men vi vil endre dette i forkant av fristen for høyringa 31.08.2014.

Søknaden for konsesjon for bygging av Skytjedal pumpe er derfor ikkje i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Ta gjerne kontakt om det er nokon spørsmål. Grunna ferieavvikling vil eg diverre ikkje vere tilgjengeleg før 28.07.

Venleg helsing

Anja N. Sætre
Rådgjevar / Arkeolog
Kultur og idrett | Kulturminnevern og museum



Tlf: 55 23 99 98 | Mob: 906 14 008
www.hordaland.no